

ROSENDAL OG OMLAND VASSVERK PL ÅRSMELDING FOR 2010

Rosendal og Omland Vassverk PL er eit vassverk. Føremålet er å levera rikeleg vatn til husbruk og næring i området Løfallstrand – Rosendal - Seimsfoss. Vi er lokalisert i Rosendal i Kvinnerad.

I styret har vore: Egil Skeie, Ragnhild Pile, Olger Leganger , Tor Øystein Havnerås, og Kjell Haugen (formann). Varamenn: Tore Johannes Hatteberg og Reidun Veastad Nerhus. Alfred Underhaug har vore rekneskapsførar. Revisor er Kari Landre Bjerke ved Inter Revisjon Sunnhordland AS,

Det har i året vore 5 styremøte, og styret har handsama 33 saker. I tillegg har det vore fleire møte vedkomande bygging av nytt behandlingsanlegg i Muradalen.

Det har i året vore selt 11 luter (4 i 2009) a kr 20.000,-, totalt kr 220.000,-. I tillegg er det fleire som har søkt om vatn. Dette kjem til inntekt neste år.

Utdrag frå rekneskapet	2010	2009
Driftsresultat	109.758	837.757
Finansinntekter	240.893	299.792
Årets overskot overført til fornyingsfond	350.651	1.137.549
Lutmiddel	4.203.492	3.983.492
Eigenkapital	13.747.501	13.176.850

Økonomien er god, og vi har ein god likviditet. I 2011 vert det noko høgare driftskostnader når det nye behandlingsanlegget i Muradalen er ferdig. Dessutan må vi framover gjera ein del oppgraderingar på leidningsnett. Styret meiner det er grunnlag for vidare drift i vassverket.

Lønnskostnadar til styreleiar har i år vore kr 84.277, og til kasserar kr 39375.

Også i år har vi hatt nokre utfordringar med drift og vedlikehald. Vi har hatt brot på hovudleidninga i Muradalen, på Hatteberg og i Skålafjæro. Brot på sideleidningar på Mehl og på Skeie. Dette har ført til at deler av nettet har vore avstengt i korte periodar under reparasjon. Anleggsarbeidet i Muradalen har medført ein del ekstra driftsproblem. Beredskapen på vedlikehald fungerer bra. Etter føre-var-prinsippet har vi sendt ut kokevarsel 5 gonger via SMS. Arbeidet med bygging av ny behandlingsanlegg i Muradalen har gått som planlagt. Etter planen startar vi opp det nye anlegget i mai 2011.

Vi gjer merksam på at ROV i følgje forskriftene pr i dag ikkje har eit godkjent drikkevatt. Dette av di reinseprosessen ikkje er sikker nok.

Samarbeidet i styret har vore godt, og vi har meistra dei utfordringane vi har fått. I styret er 1 kvinne og 4 menn. Varemedlemer er 1 kvinne og 1 mann. Det er 2 tilsette på deltid, begge menn.

ROV driv ikkje aktivitet som forureinar det ytre miljø.

Rosendal 23.03.2011

Styret i Rosendal og Omland Vassverk PL

Kjell Haugen

Egil Skeie

Ragnhild Pile

Olger Leganger

Tor Ø. Havnerås